



Statens vegvesen

201103297 - 28
201102290 - 18
200901702 - 24
201100274 - 21
200805445 - 23
200903026 - 27
312

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Sigmund Bødal - 55516146

Vår referanse:
2015/027803-003

Dykkar referanse:
200901702

Vår dato:
29.05.2015

Høringsbrev - Masfjordpakken - seks småkraftverk i Masfjorden kommune i Hordaland

I viser til brev frå NVE av 03.03.15, med oversending av seks søknadar om løyve til etablering av kraftverk i Masfjorden kommune til uttale.

Statens vegvesen uttaler seg i plansaker og konsesjonssaker som vegeigar på riksvegnettet og på vegne av Hordaland fylkeskommune på fylkesvegnettet. Vi skal ivareta at ferdsel på vegnettet kan fine stad på ein effektiv og trygg måte, der omsynet til miljøet vert ivareteke. Når det gjeld konsesjonssøknadar i høve vasskraftverk vil ofte storparten av tiltaket vere lokalisert i god distanse til vegnettet og dei fagområda som Statens vegvesen skal ivareta. Likevel viser det seg at i mange saker vil det vere trong for kryssing av offentleg vegnett anten med leidningar, kablar eller med røyrgrater. I tillegg ser vi at det må etablerast nye tilkomsttar til, til dømes kraftstasjonar, deponi og riggområde, samt tilknytning av anleggsvegar til offentleg vegnett. Alle slike tiltak er søknadspliktig etter Veglova. Det betyr at sjølv om ein har fått konsesjon må det i samarbeid med vegstyresmakta avklarast korleis ulike tiltak skal gjennomførast. Det vil i mange saker vere trong for søknad om etablering av avkøyrslar, søknad om byggjegrense til veg, samt dokumentasjon av tekniske tilhøve i samband med bygging i eller ved vegnett på den aktuelle staden. Særleg stort fokus må rettast mot dei stadene der ein ønskjer å gå under fylkesvegnettet med kablar og røyrgrater. I slike saker vil det vere snakk om etablering av kulverter under vegbana. Desse skal ha sentral godkjenning frå Vegdirektoratet. For alle tiltak i eller ved fylkesvegnettet er det krav til godkjent graveløyve og arbeidsvarslingsplan. Under vil vi gå igjennom dei ulike søknadane.

Bjørkeklettbotn kraftverk

Tilkomst til området for Bjørkeklettbotn kraftverk finn stad via kommunal veg. Inntaket for dette kraftprosjektet er lokalisert til vannfaret mellom Storevatnet og Haukelandsvatnet, like søraust av kommunal veg. Vidare går røyrgrata fram til kraftstasjonen på sørsida av kommunal veg om lag ved Kjetland. Som ein del av prosjektet er det trong for å etablere avkøyrslar til området ved kraftstasjonen og til påhogget for tunnelen.

Med bakgrunn i konsesjonssøknaden er det slik vi forstår at tiltaket i all hovudsak vil råke kommunal veg eller områder ved kommunal veg. Det er difor opp til Masfjorden kommune til

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

å vurdere korleis dei vil løyse utfordringane som tiltaket gjev i høve til vegnettet på staden. Kommunen er også ansvarleg for å sikre effektiv ferdsle, samt trafikktryggleik på staden

Sulelva kraftverk

Sulelva kraftverk er tenkt etablert vest av Kalhovda i Masfjorden kommune. Ved dette kraftverket er det trong for å etablere ein vel 200 meter lang veg inn til kraftstasjonen. Kvar ein ser for seg startpunktet for denne vegen til kraftverket er det ikkje informert om i søknaden. Dersom ein tenkjer seg ei tilkomst frå Fv 379 må det søkjast Statens vegvesen om løyve til etablering av avkøyrsløse. Vi oppfattar at kraftverket skal ligge så langt frå Fv 379 at det ikkje er noko utfordring for byggjegrensa § 29 i Veglova. Ved ei eventuell frakt av materiell og utstyr til byggjeområdet må det dokumenterast at Fv 379 tåler akseltrykket som frakta vil gje. Eventuelle gater for kablar langs ved eller kryssing av Fv 379 er søknadspliktige og skal godkjennast av Statens vegvesen. All skade på Fv 379 i samband med etablering av kraftverket må dekkast av utbyggjar og settast i stand til slik situasjon var før utbygginga tok til.

Fossdalselva

Tiltaksområdet for Fossdalselva kraftverk er lokalisert på baa sider av Fv 379 i Masfjorden kommune. Kraftstasjon er tenkt plassert ved fjorden. Det er tenkt røyrgate frå Fossheim via Fv 379 til fjorden.

Statens vegvesen vurderer at det må søkast om utvida bruk av avkøyrsløse til området ved kraftstasjonen. Ved eventuelt køyring med større køyrety mot Fossdal i anleggsperioden må det søkast Statens vegvesen om utvida bruk av denne avkøyrsløsa. Det må også søkast Statens vegvesen om løyve til etablering av leidningar og kablar i eller ved Fv 379. Det vil ved spesialtransport ved tiltaket bli krevd dokumentasjon i høve tillete akseltrykk på Fv 379. Eventuelle skadar på Fv 379 og vegelement ved tiltaket må erstattast av utbyggjar.

Slik tiltaket er skildra i konsesjonssøknaden er det lagt opp til røyrgate under brua som går over Fossdalselva, ved ei eventuell utbygging. Statens vegvesen vil no gjere det heilt klart at det ikkje er aktuelt frå vår side å akseptere at røyrgata vert lagt under var bru. Brua er av eldre dato og ho er ikkje konstruert med tanke på etablering av røyrgate i eit moderne kraftverk. Ei røyrgate her vil gje utfordringar i høve konstruksjonen. Samstundes vil ei slik løysing hindre Statens vegvesen å få utført naudsynt vedlikehald og framtidige reperasjonar eller utvidingar. At ein vert hindra i å utføre skikkeleg vedlikehald på brua vil kunne få dramatiske konsekvensar, som vil gjere det umogleg med ferdsle på Fv 379.

Vi ser at konsekvensane ved ei eventuell utbygging av Fossdalselva til å vere av ein så alvorleg karakter at vi må gå imot konsesjonssøknaden dersom ikkje røyrgata vert lokalisert på ein måte som ikkje involverer Fossdalselva bru. Ei eventuell ny lokalisering av røyrgate skal leggst fram for Statens vegvesen for godkjenning før det vert fatta konsesjonsvedtak i saka. Ved eventuelt vidare arbeid med konsesjonssøknad må det gjerast vurderingar for konsekvensane for Fv 379 og brua ved eventuelt dambrudd eller brudd på røyrgate.

Haugsvær småkraftverk

Dette kraftverket er tenkt etablert med inntak frå Haugsværvatnet til kraftstasjon nede ved fjorden. Mellom desse to punkta vil røyrgata bli plassert. I hovudprinsippet vil ikkje dette tiltaket ha innverknad på Statens vegvesen sine interesser i området som i all hovudsak gjeld

E39. I kontakt med Masfjorden kommune må det likevel vurderast korleis tiltaket skal utformast i høve Haugsvær sentrum, samt tilkomst til næringsareal i Haugsværdalen.

Sandneselva kraftverk

Dette kraftverket er tenkt etablert noko aust av dagens kommunesenter i Masfjorden, Sandnes. Som anleggsveg er det tenkt nytta eksisterandetraktorveg til inntaket ved Stemmevatnet. Truleg må denne vegen oppjusterast noko, og i den samanheng må nok også avkøyrspunktet oppjusterast. Det må søkast Statens vegvesen om løyve til etablering av avkøyrse i samband med etablering av kraftverk med kraftstasjon. Det må dokumenterast akseltrykk for frakt av element til kraftverket i høve vegen sin bæreevne. Eventuelle skadar på Fv 374 som følgje av kraftutbygginga som erstattast av utbyggjar.

Vi forstår at kraftstasjonen er tenkt lokalisert på oppsida av Fv 374. Det må dokumenterast at avrenningssystem som bruer/kulverter tåler eventuelle endringar i vassmengda ved ei eventuell utbygging. I periodar kan det vere aktuelt å ta ut meir vatn enn ved ein normalsituasjon og det må då vere dokumentert at Fv 374 med tilhøyrande avrenningssystem tåler denne påkjenninga. Dersom det viser seg med bakgrunn i dokumentasjon at det er trong for etablering av ny kulvert under Fv 374, er dette søknadspliktig og vil dette krevje godkjenning i Vegdirektoratet. Dokumentasjon på tåleevne på eksisterande bru/kulvert skal leggjast fram for Statens vegvesen for godkjenning, før eventuelt konsesjonsvedtak i saka. All graving i eller ved Fv 374 i samband med etablering kabelgrøfter og leidningar er søknadspliktig.

Det må utførast ei vurdering av konsekvensane for Fv 374 med tilhøyrande bru ved eit eventuelt dambrott eller brott på røyrgate

Nørlandselva kraftverk

Omsøkte kraftverk for Nørlandselva er lokalisert til området ved Andvik i Masfjorden kommune. Slik vi oppfattar det er det lagt opp til to alternative på røyrgater frå Storevatnet og fram til kraftstasjonen på Totland vest av Fv 374. Statens vegvesen har ikkje sterke formeininger kva av desse alternativa som bør prioriterast. Det er også lagt opp til riggområde like aust av Fv 374.

Vi gjer merksam på at det skal søkast Statens vegvesen om løyve for etablering av avkøyrslar både til tilkomst til kraftstasjon og til riggområde. Vidare er det søknadspliktig å etablere grøfter/gater for kablar/leidningar. Graveløyve skal ligge føre før slikt arbeid finn stad ved Fv 374.

Ut i frå oversendt materiale vurderer vi at det er lagt opp till inntak på kraftstasjonen som går under Fv 374 sør av brua på Totland. Det betyr at vi oppfattar at ein ønskjer å ha ei anna tilkopling til kraftstasjonen enn via elveløpet under brua. I praksis betyr det at ein må gå under Fv 374 i kulvert. Vi gjer merksam på at det skal utarbeidast tekniske teikningar for etablering av kulvert, jfr handbok R-700. Teikningane skal ha sentral godkjenning i Vegdirektoratet. Dette tiltaket er sjølvstøtt søknadspliktig. Statens vegvesen gjer det klart at det frå vår side ikkje er aktuelt å akseptere løysingar som kjem i konflikt med brukonstruksjonen. Det skal ikkje gjerast tiltak som er til hinder for vårt vedlikehald av brua eller for eventuelle framtidige utvidingar. Ved transport av ulike element til kraftutbygginga vil det bli stilt krav om dokumentasjon av akseltrykk på transporten i høve Fv 374 si

bæreevne. Eventuelle skadar på Fv 374 eller tilhøyrande vegelement som årsak av kraftutbygginga må erstattast av utbyggjar.

Det må utarbeidast ei vurdering av konsekvensane for Fv 374 og Totland bru ved eit eventuelt dambrott eller ved brott på røyrgate.

Samanfatning

Ovanfor har vi vurdert dei konsesjonssøknadane vi har motteke frå NVE til uttale i denne omgang. Fleire av dei omsøkte prosjekta kjem i mindre eller større grad i kontakt med fylkesvegnettet og dei trafikale områda som Statens vegvesen skal ivareta.

Generelt sett må der utarbeidast ei vurdering av konsekvensane for fylkesvegnettet med tilhøyrande element som bruer og kulverter dersom det skulle oppstå kritiske situasjonar med brott på dammar eller på røyrgater.


Vidare er det søknadspliktig å få etablert nye avkøyrslar og det skal innhentast løyve for byggjegrænse langs med fylkesvegnettet. Vidare må der innhentast løyver til graving ved og eller i fylkesvegen. For slike tiltak er det også krav om arbeidsvarslingsplan. Vidare er det slik at der det er aktuelt med kulverter under fylkesvegen må det innhentast godkjenning av desse frå Vegdirektoratet.

Ved gjennomgang av søknadane ser vi at konsesjonssøknaden for Fossdalselva skil seg ut. Statens vegvesen kan ikkje akseptere at det vert lagt røyrgate under brua vår her. Dette hindrar vedlikehald og eventuelle utvidingar på staden. I tillegg er ikkje brua konstruert til å bære delar av eit moderne kraftverk. Manglande vedlikehald vil gå utover samfunns og trafikktryggleiken på staden. Vi går difor i mot tiltaket slik det er utforma i søknaden. Vi ber om at det vert vald ein annan trase for røyrgata som ikkje inkluderer brua vår

Ved eventuelle konsesjonar for ovannemnde omsøkte kraftverk, ber vi om at utbyggjar tek kontakt med Statens vegvesen i samband med gjennomføring av prosjektet. Vi vurderer at eit tett samarbeid kring dei vegelementa som prosjekta inneheld i høve fylkesvegnettet er viktig å få på plass gode løysingar for så tidleg i prosessen som mogleg.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing


Sindre Lillebø
seksjonsleiar


Sigmund Bødal
overingeniør

Kopi: Masfjorden kommune